



GULEN KOMMUNE  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



# **BUDSJETT 2018 MED REVIDERT HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2018-2021**



Kenneth Kidøy ©

## INNHALD

GENERELLE FØRESETNADER.....	3
<i>Folketalsutvikling</i> .....	3
<i>Langsiktige mål for Gulen kommune</i> .....	3
ØKONOMISK HOVUDOVERSYN.....	5
INNTEKTSFØRESETNADER.....	5
<i>Dei frie inntektene</i> .....	5
<i>Skatt og rammeoverføringar</i> .....	6
<i>Eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter</i> .....	6
<i>Konsesjonsavgift</i> .....	6
<i>NORM-deponiavgift</i> .....	6
<i>Havbruksfond</i> .....	6
<i>Produksjonsavgift havbruk</i> .....	7
<i>Øvrige generelle statstilskot og kompensasjon for meirverdiavgift</i> .....	7
FINANS- OG UTGIFTSFØRESETNADER.....	7
<i>Renteinntekter og utbytte</i> .....	7
<i>Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter</i> .....	7
<i>Bundne avsetningar</i> .....	8
<i>Pensjonsføringar</i> .....	8
<i>Dekking av underskot/Frie avsetningar</i> .....	8
DRIFT 2018-2021.....	8
<i>Prioritering dei siste åra</i> .....	8
<i>Økonomiske nøkkeltal dei siste åra</i> .....	9
<i>Økonomiske framtidsutsikter for drifta i planperioden</i> .....	9
<i>Føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel for planperioden</i> .....	9
<i>Føresetnader for løns- og prisutvikling</i> .....	10
<i>Budsjettrammer for 2018</i> .....	10
<i>Økonomiske rammer for 2018-21</i> .....	10
<i>Nye satsingar</i> .....	11
<i>Kommentarar til nye satsingar</i> .....	11
<i>Kostnadsreduserande tiltak/Auka finansiering</i> .....	13
<i>Kommentarar til kostnadsreduserande tiltak/auka finansiering</i> .....	13
<i>Endringar i rammer i planperioden</i> .....	15
INVESTERINGAR 2018-2021.....	15
<i>Kommentarar til investeringane</i> .....	17
VEDTAK, K-SAK 89/17: HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2018-21 MED BUDSJETT FOR 2018.....	20
VEDTAK, K-SAK 88/17: FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2018.....	23
BUDSJETTSKJEMA 1A – DRIFTSBUDSJETTET.....	25
BUDSJETTSKJEMA 1B – DRIFTSBUDSJETTET.....	25
BUDSJETTSKJEMA 2A – INVESTERINGSBUDSJETTET.....	26
BUDSJETTSKJEMA 2B – INVESTERINGSBUDSJETTET.....	27
ØKONOMISK OVERSIKT – DRIFT.....	28
ØKONOMISK OVERSIKT – INVESTERING.....	29

## GENERELLE FØRESETNADER

### Folketalsutvikling

Pr 01.01.17 hadde Gulen kommune eit folketal på 2 371, litt høgare enn for ti år sidan. Tal born og ungdom har minka, medan pensjonistgruppa har auka.

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
0-5 år	154	134	129	123	130	123	123	129	138	146
6-15 år	333	317	324	311	300	297	292	277	287	277
16-66 år	1 455	1 433	1 442	1 461	1 471	1 470	1 476	1 480	1 482	1 475
67-79 år	240	236	250	250	259	267	271	295	315	320
80 år og over	174	163	157	151	150	148	153	154	148	153
<b>Til saman</b>	<b>2 356</b>	<b>2 283</b>	<b>2 302</b>	<b>2 299</b>	<b>2 310</b>	<b>2 305</b>	<b>2 315</b>	<b>2 335</b>	<b>2 370</b>	<b>2 371</b>

Folkemengd, alder, pr. 31.12., %	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
0-5 år	6,5	5,9	5,6	5,4	5,6	5,3	5,3	5,5	5,8	6,1
6-15 år	14,1	13,9	14,1	13,5	13,0	12,9	12,6	11,9	12,1	11,7
16-66 år	61,8	62,8	62,6	62,6	63,7	63,8	63,8	63,4	62,5	62,1
67-79 år	10,2	10,3	10,9	10,9	11,2	11,6	11,7	12,6	13,3	13,5
80 år og over	7,4	7,1	6,8	6,5	6,5	6,4	6,6	6,6	6,2	6,5

Statistisk sentralbyrå (SSB) lagar kvart år framskrivingar av folketalet for alle kommunar. Juni 2016-versjonen av framskrivingane, fordelt på ulike aldersgrupper, syner slike tal:

Innb. pr. 01.01.	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040
0-5 år	151	152	160	162	171	168	160	157
6-15 år	266	276	274	262	269	296	307	298
16-66 år	1 479	1 489	1 502	1 506	1 505	1 464	1 498	1 528
67-79 år	331	326	327	334	346	353	372	387
80-89 år	114	116	117	116	137	189	185	186
90 år eller eldre	41	38	38	40	37	39	49	73
	<b>2 382</b>	<b>2 397</b>	<b>2 418</b>	<b>2 420</b>	<b>2 465</b>	<b>2 509</b>	<b>2 571</b>	<b>2 629</b>

Kjelde: SSB 2016, alternativet MMMM – middels utvikling når det gjeld fertilitet, levealder, innanlandsk flytting og innvandring.

Framskringar er uvisse; middelalternativet reknar til dømes med 79 færre innbyggjarar i 2040 enn same framskrivinga i 2014. Tala er nok mest stabile for pensjonistane, som flyttar sjeldnare. Tabellen over har 2 382 innb. som utgangspunkt i 2017, 11 meir enn talet vart, og 33 fleire enn pr 31.09.17. Neste framskriving, som er venta i juni-18, vil truleg syne lågare tal i heile perioden fram til 2040.

### Langsiktige mål for Gulen kommune

Samfunnsdelen av kommuneplanen 2012-24, vedteke i K-sak 2/14 den 30.01.14, inneheld slik visjon:

**GULEN - HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA**  
med:  
**gode oppvekstvilkår**  
**livskraftige og samarbeidande bygder**  
**mangfald og rom for alle**

Hovudmålsetjinga er formulert slik:

Gulen skal vere ein god og trygg kommune å bu i!

Målet er at innbyggjartalet i kommunen skal auke til minimum 2 500.

For å få dette til, må vi utnytte og utvikle kommunen sine sterke sider:

- Vi har gode oppvekstvilkår for barn og unge. Dette vil vi ta vare på ved å legge til rette for gode psykososiale oppvekstvilkår, og ved å skape gode fysiske rammer for barnehagar, skular og aktivitet i nærmiljøet.

- Vi er nær Mongstad og Bergen, og har bedrifter som utnyttar veksten i Nordhordlandsregionen. Den utviklinga vil vi aktivt dra fordel av. Ilandføring av gass i Fensfjordområdet er viktig for både Gulen og Sogn og Fjordane.
- Vi har aktive og driftige frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Det er viktig at kommunen bidreg til å styrke deira rolle i lokalsamfunnet og stimulere til aktivitet og frivilligheit.
- Vi har Gulatinget og mykje flott natur. Dette vil vi forvalte med omtanke, og utnytte til å skape utvikling i landbruket, reiseliv og turisme.
- Me må vidareutvikle og styrke tilbodet og kvaliteten vår på idrett, friluftsliv og kultur til alle våre innbyggjarar.

Vi må styrke dei områda der vi har utfordringar:

- Vi må få fleire varierte arbeidsplassar i kommunen
- Vi må arbeide for god infrastruktur, både internt og ut av kommunen
- Vi må skape lågterskeltilbud både ved å legge til rette for det i nærmiljøa og ved å synleggjere dei. Ei god utvikling får vi berre til gjennom samarbeid. Vi ynskjer at samarbeid skal prege samhandlinga mellom dei fire krinsane i kommunen. Vi vil delta i samarbeidsoppgåver med private næringar og frivillige lag og organisasjonar, og med andre kommunar.

Utviklinga må vere berekraftig og ta omsyn til naturen og miljøet vårt. Klimaendringar og forureining kan få store konsekvensar for oss, og vi må ta vår del av ansvaret.

Planen inneheld tre hovudinnsatsområde, med mål og strategiar:

#### **BUSETNAD/KOMMUNALE TENESTER**

##### **Mål:**

Auke innbyggjartalet til minimum 2 500  
Behalde 4 livskraftige bygdesenter med levande grender rundt  
Sikre innbyggjarane gode tilbod  
Skape møteplassar  
Trygge og framtidsretta bustadområde.

#### **INFRASTRUKTUR/NÆRINGS LIV**

##### **Mål:**

Fleire lønsomme og varierte arbeidsplassar  
Kommunen skal vere eit felles bu- og arbeidsområde  
Minske avstandsulemper

#### **BARN OG UNGE/KULTUR**

##### **Mål:**

God kvalitet på tenester til barn og unge  
Trygge og gode oppvekstvilkår  
Skape felles identitet.

Strategiane i samfunnsdelen skal bidra til at måla i hovudinnsatsområda vert oppnådd, og er sett opp for kvart av måla. Handlings- og økonomiplanen for 2018-21 inneheld dei konkrete tiltaka som skal gjennomførast innafor kvar av strategiane i planperioden, utifrå dei økonomiske rammene kommunen ser ut til å ha i planperioden. Strategiane og tiltaka er sett opp under kapitlet Satsingsområde.

## ØKONOMISK HOVUDOVERSYN

Slik ser det økonomiske hovudbiletet ut nokre år bakover og framover (summane 2018-21, som utgjer økonomiplanen, er utifrå 2018-nivå på folketal og løn/prisar):

(ALLE TAL I 1000 KR)	Rekneskap			Rev.b.	Budsjett	Rev. HØP	Rev. HØP	Rev. HØP
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Skatt på formue og inntekt	61 093	62 353	71 148	69 672	72 762	72 762	72 762	72 762
Rammeoverføring*	91 745	91 670	92 750	93 788	95 755	96 064	96 148	95 953
Eigedomsskatt + kons.kr.inntekter	12 771	15 596	15 361	16 081	21 970	21 970	21 970	21 970
Konsesjonsavgift	339	351	367	351	351	351	351	351
NORM-deponiaavgift	4 554	6 907	95	88	3 000	3 000	3 000	3 000
Havbruksfond				500	2 250	3 500	3 500	3 500
Generelle statstilskot, flyktningar o.a.	1 463	2 608	7 139	8 820	6 300	6 300	6 300	6 300
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>171 965</b>	<b>179 485</b>	<b>186 860</b>	<b>189 300</b>	<b>202 388</b>	<b>203 947</b>	<b>204 031</b>	<b>203 836</b>
Renteinntekter og utbytte	5 354	4 012	4 027	3 730	3 730	3 680	3 630	3 580
Renteutgifter og andre finansutg.	-2 571	-2 125	-2 048	-2 920	-3 152	-3 411	-3 460	-3 511
Avdrag på lån	-4 336	-5 249	-5 249	-7 100	-7 888	-8 438	-9 295	-9 454
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>-1 553</b>	<b>-3 362</b>	<b>-3 270</b>	<b>-6 290</b>	<b>-7 310</b>	<b>-8 169</b>	<b>-9 125</b>	<b>-9 385</b>
Avsetting til (-)/bruk av (+) bunde fond	-610	-542	-539	-531	-531	-531	-531	-531
Pensjonspremieavvik	1 188	-663	2 244	2 174	7 452	7 452	7 452	7 452
Tidl. pensjonspremieavvik	0	0	86	-161	-550	-1 625	-2 700	-3 774
KLP-finansiert pensjonspremie	3 925	3 887	2 834	2 111	737	737	737	737
Bruk av tidl. års mindreforbruk	3 621	3 215	5 355	3 995	0	0	0	0
Frie avsetningar (-)/Bruk av frie fond (+)	-4 840	-5 931	-4 614	9 305	-3 137	-6 284	-8 525	-7 596
<b>Netto avsetningar</b>	<b>3 284</b>	<b>-34</b>	<b>5 366</b>	<b>16 893</b>	<b>3 971</b>	<b>-251</b>	<b>-3 567</b>	<b>-3 712</b>
<b>Avskrivning og kalk. renter, motpost</b>	<b>5 181</b>	<b>5 824</b>	<b>6 585</b>	<b>6 556</b>	<b>6 581</b>	<b>6 581</b>	<b>6 581</b>	<b>6 581</b>
<b>Til fordeling drift</b>	<b>178 877</b>	<b>181 913</b>	<b>195 541</b>	<b>206 459</b>	<b>205 630</b>	<b>202 108</b>	<b>197 920</b>	<b>197 320</b>
<b>Fordelt til rammeområde:</b>								
100 Ymse føremål	23 960	23 005	24 056	35 585	29 351	29 281	27 781	27 781
2xx Oppvekst	48 630	49 944	53 768	54 837	55 983	54 401	52 713	52 113
3xx Omsorg	81 099	79 786	87 774	91 578	94 626	93 426	92 426	92 426
400 Plan, landbruk og teknisk	21 973	23 823	25 948	24 459	25 670	25 000	25 000	25 000
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>175 662</b>	<b>176 558</b>	<b>191 546</b>	<b>206 459</b>	<b>205 630</b>	<b>202 108</b>	<b>197 920</b>	<b>197 320</b>
<b>Resultat (inkl. frie avsetningar)</b>	<b>3 215</b>	<b>5 355</b>	<b>3 995</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Rammeområde, %-vis fordeling	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
100 Ymse føremål	13,6	13,0	12,6	17,2	14,3	14,5	14,0	14,1
2xx Oppvekst	27,7	28,3	28,1	26,6	27,2	26,9	26,6	26,4
3xx Omsorg*	46,2	45,2	45,8	44,4	46,0	46,2	46,7	46,8
400 Plan, landbruk og teknisk	12,5	13,5	13,5	11,8	12,5	12,4	12,6	12,7
SUM	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Det som står vidare i dette dokumentet byggjer på postane i hovudoversynet over. I hovudsak er dei "frie inntektene" forklart under Inntektsføresetnader, finansielle tilhøve under Utgiftsføresetnader, og budsjettrammene for dei ulike delane av den kommunale verksemda under Drift. Kapitlet Investeringar påverkar i første rekkje dei finansielle tilhøva under utgiftsføresetnader.

## INNTEKTSFØRESETNADER

### Dei frie inntektene

Frie inntekter er inntekter som kommunen i utgangspunktet kan bruke utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Gulen har relativt høge frie inntekter per innbyggjar gjennom det nasjonale inntektssystemet, i hovudsak som eit resultat av kompensasjon for t.d. mange eldre innbyggjarar og store reiseavstandar (Gulen er mellom dei ti mest spreiddbygde kommunane i landet). Men fordi desse faktorane også gjev høge utgifter for kommunen, er dei frie inntektene i Gulen i røynda ganske oppbundne.

Kommunal egedomsskatt er frie inntekter som kommunen i stor grad styrer over sjølv. Gulen kommune har framleis eit meirinntektspotensial frå egedomsskatt. I kor stor grad egedomsskatt skal nyttast for å finansiere det kommunale tenestetilbodet, vert eit politisk spørsmål.

### **Skatt og rammeoverføringar**

Ved utrekning av rammeoverføringar og skatteinntekter er statsbudsjett og KS sin «Prognosemodell for rammetilskot til kommunar, versjon 1704treaar, datert 20.10.17», lagde til grunn.

Finansdepartementet reknar med 1,6 % auke i kommunale skatteinntekter i 2018. For Gulen kommune er lagt til grunn 1,0 %.

Hovudoversynet er basert på uendra folketal frå 30.06.2017 utover i planperioden. Auka folketal gjev auka inntekter. Om folketalet går ned, vert både skatteinntektene og rammeoverføringane lågare. Eventuelt tap vert noko dempa på grunn av INGAR (inntektsgarantiordning), som gjeld rammeoverføringane, men ikkje skatteinntektene. Dei ordinære skjønsmidlane er inkludert i rammeoverføringane med kr 0,8 mill. i 2018 og same summen dei andre åra i planperioden. Tap i rammeoverføringane i økonomiplanperioden er rekna inn, som følgje av revideringa av inntektssystemet frå 2017. Lågare vekting av avstandskriteria gjer at Gulen kommune etter ein overgangsperiode får om lag kr 3 mill. mindre pr år gjennom inntektssystemet enn gjennom tidlegare vekting. Ein del av tapet slo ut alt i 2017.

Gulen kommune ser i 2018 ut til å få ei auke gjennom inntektssystemet (2,7 %) om lag som venta løns- og prisutvikling («den kommunale deflatoren», venta å bli på 2,6 %).

### **Egedomsskatt og konsesjonskraftinntekter**

I økonomiplanen er det lagt opp til ein sats på 7 promille for «verk og bruk» (om lag kr 9,5 mill. i 2017) og 3,5 promille frå andre egedommar (om lag kr 6,0 mill. i 2017) i årleg inntekt. Det vert gjennomført ny allmenn taksering i 2017, som vil gje høgare takster, og pårekna kr 6,2 mill. auke årleg frå 2018.

Nye objekt vert takserte etter kvart, og er rekna å gje noko årleg skatteauke. Dette kompenserer noko for at takstgrunnlaget er fast i 10 år, og såleis ikkje held tritt med løns- og prisutviklinga. Nivået på egedomsskatt er utifrå dette rekna som i 2018 heile økonomiplanperioden (målt i 2018-prisar), som inneber at nokre nye takstobjekt er venta kvart år. Større prosjekt som landbasert oppdrett, vass- og vindkraft og vidare industriutvikling i Fensfjordområdet kan gje auka inntekter i perioden, men dette er førebels ikkje lagt inn.

Konsesjonskraftinntekter er rekna inn med kr 400 000 kvart år (om lag 2017-nivå).

### **Konsesjonsavgift**

Konsesjonsavgift (frå Matre- og Kløvtveit-utbyggingane) inngår i inntektene til kraftfondet, og vert utgiftsført att under posten Bundne avsettingar.

### **NORM-deponivgift**

Frå 2008 til starten av 2016 har Gulen kommune fått tilført til saman kr 45,6 mill. som kompensasjon for at NORM-avfall (lågradioaktivt avfall) vert behandla og lagra i kommunen (underjordisk deponi i Sløvåg). Inntekta har vore sett av til fond og nytta til finansiering av investeringar (Hovden II, brann- og redningsvesen, omsorgsbustader Dalsøyra og ny barnehage Hovden). Inntekta er uviss framover fordi deponieigar ikkje er samd med kommunen om retten til slik kompensasjon. Saka vert løyst rettsleg, med hovudforhandling i november 2017. Økonomiplanen 2018-21 inneheld ei årleg inntekt på kr 3 mill., som svarar til rundt 50 tonn nytt avfall til lagring og kompensasjon som før, i tillegg til etterbetaling frå 2016 og 2017. På grunn av uvissa er tilsvarande sum som budsjettert inntekt sett av til disposisjonsfond kvart år. Utfallet av usemja vil ha vesentleg verknad for behovet for innsparingar framover.

### **Havbruksfond**

Gulen kommune ga høyringsinnspel om innretting av eit nasjonalt havbruksfond i F-sak 3/16. I framlegg til statbudsjett for 2017 er ordninga omtala slik:

«Kommuner og fylkeskommuner som legger til rette for havbruk skal belønnes. Regjeringen har derfor i samsvar med Stortingets forutsetninger etablert retningslinjer for et havbruksfond der 80 pst. av vederlaget for nye lakse- og ørretkonsesjoner og økt kapasitet på eksisterende konsesjoner skal fordeles til kommuner og fylkeskommuner. Ordningen er gjort gjeldende for alle nye utlysninger av vekst etter 1. januar 2016, der det kreves vederlag til staten.»

For vanlege konsesjonar skal 70% av vederlaget delast ut til kommunane etter storleiken på maksimal tillatt biomasse (MTB). Gulen kommune har 1,39 % av volumet i Noreg, og bør såleis få opp mot kr 100 000 pr ny vanleg konsesjon, som kostar kr 10 mill. Utviding av volum for noverande konsesjonar (VTB) vert fordelt på same måte. 27 slike konsesjonar har tilført fondet kr 40,5 mill. i 2016. Gulen sin del av dette bør gje om lag kr 400 000, som vert utbetalt i november 2017. På grunnlag av noverande kunnskap om ordninga er inntekter frå havbruksfond rekna inn med kr 1 mill. kvart av åra 2018-21.

### **Produksjonsavgift havbruk**

Ei kompensasjonsordning for kommunar som har avstått sjøareal til havbruksnæringa er under utarbeiding. Stortinget gjorde slikt vedtak i juni-17:

«Stortinget ber regjeringen sette i gang et arbeid med å utrede en avgift pr. kilo eksportert ubearbeidet fisk og komme tilbake til Stortinget i statsbudsjettet for 2018, slik at vederlaget kan tre i kraft senest 1. juli 2018.»

Utifrå utrekningar Nettverk for fjord- og kystkommuner (NFFK) har gjort vil ei avgift på 25 øre pr kg. tilføre Gulen kommune kr 2,5 – kr 3 mill. årleg, avhengig av innretningen på ordninga. Inntektene er lagt inn med kr 1,25 mill. i 2018 utifrå halvårsverknad, og kr 2,5 mill. årleg i 2019-21. Regjeringa har i framegg til statsbudsjett for 2018 ikkje funne fram til ei ordning som er i tråd med EU-reglar, og inntekta for Gulen kommune er såleis uviss. På grunn av dette er tilsvarande sum som budsjettert inntekt sett av til disposisjonsfond kvart år frå 2019 (ikkje funne rom for avsetting i 2018). Om ordninga vert innført eller ikkje vil ha vesentleg verknad for behovet for innsparingar framover.

### **Øvrige generelle statstilskot og kompensasjon for meirverdiavgift**

Kommunane får kompensasjon for meirutgifter til investeringar i skulebygg i samband med 6-årsreforma i 1997. Kompensasjonen skal dekkje rente- og avdragsutgifter, og vert gradvis lågare som fylgje av reduserte renteutgifter på det kalkulerte låneopptaket.

«Skulepakken», ei liknande kompensasjonsordning til investering i skule og symjeanlegg, dekkjer berre renteutgiftene, er aktivert frå 2016, og veg opp for det årlege tapet i samband med den gamle ordninga.

Kommunane får og kompensasjon for meirutgifter til investeringar i omsorgsbustader på slutten av 1990-talet, og til gjennomføring av eineromsreforma.

## **FINANS- OG UTGIFTSFØRESETNADER**

### **Renteinntekter og utbytte**

Rentenivået på innskot er rekna inn med 1,9 % i 2018 og 2,0% resten av perioden. På grunn av noko lågare fondskapital framover er det rekna med at renteinntektene vert redusert med kr 50 000 kvart år framover.

Noko av renteinntektene høyrer til bundne fond, og må difor førast ut av drifta att under posten Bundne avsettingar. Renteinntekter frå NORM-fondet (ubunde driftsfond) er føresett brukt i drifta.

Utbytte frå BKK er rekna inn med kr 1,08 mill. i 2018, og same nivå i resten av perioden.

### **Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter**

Rentenivået på lån er rekna til 1,9 % i 2018, og 2,0% resten av økonomiplanperioden.

Planen legg opp til ei netto årleg auke i renteberande lånegjeld på om lag kr 7 mill. + startlån i 2018, kr 11 mill. + startlån i 2019, kr -5 mill. + startlån i 2020 og kr 50 mill. + startlån i 2021. Renteutgiftene aukar med kr 355 000 i 2018, kr 259 000 i 2019, kr 49 000 i 2020 og kr 51 000 i 2021. Auken i avdrag vert kr 788 000 i 2018, kr 550 000 i 2019, kr 857 000 i 2020 og kr 159 000 i 2021. Nye lån er føresett tatt opp som serielån med 25 års løpetid.

## Bundne avsettingar

Bundne avsettingar er i hovudsak konsesjonsavgifter og renter som skal leggjast til kraftfond og næringsfond.

## Pensjonsføringar

Premieinnbetalingane til KLP vart varsla å verte langt høgare i 2017 enn den utrekna pensjonskostnaden. Dette ville gje eit positivt premieavvik på om lag kr 6,5 mill. i 2017. Utifrå nye prognosar frå KLP ser avviket no ut til å bli kr 2,1 mill., som skal dekkjast inn gjennom dei neste 7 åra med ein utgift på 1/7 kvart år. Nedjusteringa skuldast låg lønnsvekst og bra økonomisk resultat for KLP i 2016.

Utifrå prognosene frå KLP i haust vert premieavviket i 2018 endå høgare enn varsla for 2017. Rekordhøgt premieavvik på kr 7 452 000 er difor lagt inn i budsjettet for 2018, og også med premiebelastning på rammeområda utifrå estimata frå KLP. For at inntekts- og utgiftssida framover skal vere i same balanse som i 2018 er både avvik og premiebelastning halde på 2018-nivå heile økonomiplanperioden. Nye KLP-prognoser vil kunne endre desse tala vesentleg undervegs, men ei viss netto verknad i drifta. Overskot frå KLP, som delvis vert ført tilbake til eigarkommunane i form av betaling av kommunal pensjonspremie, står som ein eigen inntektspost i rekneskapen. I økonomiplanen er rekna med at dette «utbyttet» vil utgjere kr 700 000 kvart år i økonomiplanperioden, som i 2017. Om summen vert høgare vil premieavviket verte om lag tilsvarande redusert, slik stoda har blitt dei siste åra.

Om premieinnbetalingane vert høgare enn den utrekna pensjonskostnaden i åra framover, slik det ser ut no, vil Gulen kommune dei neste åra (heilt fram til 2022) få stadig mindre å fordele til rammeområda som følgje av at stadig fleire år med premieavvik skal dekkjast inn i rekneskapen.

## Dekking av underskot/Frie avsettingar

KS tilrår kommunane å setje av minst 1,75 % av brutto driftsinntekter kvart år til ymse naudsynte og ynskjelege tiltak, t.d. delfinansiering av investeringar og buffer mot uventa utgifter og større eingongstiltak innafor drifta. For Gulen kommune utgjør dette om lag kr 4,4 mill. Uvisse faktorar på inntektssida, i første rekkje NORM-inntekter og produksjonsavgift havbruk, kan gjere at budsjetterte inntekter på kr 5,5 mill. (kr 4,25 mill. i 2018) vil utgå årleg. Utifrå uvissa burde driftsmarginen såleis utgjere kr 9,9 mill. årleg i økonomiplanperioden (kr 8,65 mill. i 2018). Det er tatt høgd for delar av dette, med driftsmargin på kr 6 284 000 i 2019, kr 8 525 000 i 2020 og kr 7 596 000 i 2021. I 2018 er det berre funne rom for margin på kr 3 137 000, som ikkje vil vere nok til å kompensere for bortfall av til dømes både produksjonsavgift og NORM-midlar.

## DRIFT 2018-2021

### Prioritering dei siste åra

Tabellen under syner korleis Gulen kommune prioriterer ressursane, samanlikna med høvesvis kommunar som liknar Gulen (gruppe 05) og alle kommunane i landet:

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gr. 05 2016	Landet 2016
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	124 850	141 520	134 716	145 077	123 526	149 715	138 739
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring	137 377	141 240	149 718	151 732	165 148	150 159	104 893
- Utgifter til skoleskyss, per innbyggjar 6-15 år	4 276	4 373	4 339	4 258	4 292	4 539	2 117
Netto driftsutg. pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	3 458	3 657	3 794	3 740	3 963	4 812	2 507
- Netto driftsutg. til diagnose, beh. og rehab. pr. innb.	2 531	2 750	2 788	2 781	2 781	3 674	1 637
Netto driftsutg. pr innb. 67 år og over, pleie og omsorg	142 234	144 021	148 840	144 637	152 078	126 354	113 703
Netto driftsutg. pr. innb. 80 år og over, pleie og omsorg	398 831	399 118	433 955	452 480	470 150	392 481	394 140
- Andel innb. under 67 år som får heimetenester	1,5	1,5	1,5	1,5	1,4	2,8	2,0
- Andel innb. 67-79 år som får heimetenester	6,4	4,8	6,4	7,6	5,9	8,7	6,7
- Andel innb. over 80 år som får heimetenester	39,2	36,6	37,0	37,8	35,9	40,8	32,1
- Andel innb. 80 år og over som bur på institusjon	18,2	13,1	14,9	12,8	13,7	18,5	13,3
Netto driftsutgifter pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	798	1 128	2 081	1 511	2 312	2 788	3 907
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	5 088	4 822	5 258	4 340	4 648	9 227	8 895
Netto driftsutg. pr innb., adm., styring og fellesutgifter	7 426	8 095	8 536	8 282	8 550	10 631	4 138

\*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter. Frå 2010 til 2013 var Gulen i gruppe 04 (få innbyggjarar, høge bundne kostnader og låge frie inntekter). I høve til andre i denne gruppa nyttar Gulen høvesvis mykje av ressursane til m.a. pleie og omsorg og barnehage, og mindre til m.a. kommunehelse, sosial, barnevern og administrasjon, styring og fellesutgifter.



## Økonomiske nøkkeltal dei siste åra

Økonomiske nøkkeltal frå Gulen samanlikna med andre kommunar (førebelse tal frå KOSTRA)							
(alle tal i kr)	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gruppe 05* 2016	Alle 2016
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	172,9	173,2	186,8	181,0	195,9	220,0	212,0
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	38,1	21,7	29,4	29,2	37,3	19,7	18,1
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	61 998	63 516	65 455	65 020	69 126	72 450	53 159
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	29 128	29 593	33 042	35 835	42 526	70 816	62 704

### Økonomiske framtidsutsikter for drifta i planperioden

Med relativt låg vekst i rammeoverføringane dei siste åra, og utsikter til reell reduksjon i overføringane framover, må Gulen kommune kontinuerleg fokusere på nøktern økonomisk drift og innsparingar.

Kommunen har ei utfordring med å finne ei økonomisk berekraftig organisering av tenestene innan Omsorg. Strategiplanen for pleie og omsorg vart revidert i 2016, og tiltak med økonomisk innsparingseffekt er innarbeid i økonomiplanen.

Innan Oppvekst ynskjer vi å sjå på utvikling av GulenSkulen. Det er ynskjeleg med ei modernisering av opplæringstilbodet der ein tar i bruk teknologi til å samordne meir av undervisninga og tar i bruk nye nettbaserte læremiddel. I ein omstillingsprosess er det naturleg å sjå på moglegheiter for tettare samarbeid rundt drift av oppvekstsektoren med nabokommunen Masfjorden.

På inntektssida kan nye eigedomsskatteskatteobjekt og auke til maksimal skattesats (7 promille) for heilårs- og fritidsbustader gje meirinntekter utover det som ligg i økonomiplanen. Med om lag like mange fritidsbustader som heilårsbustader i kommunen, har Gulen høgare inntekspotensial enn mange andre kommunar. I ei nasjonal undersøking låg Gulen kommune i 2015 på 289. plass (av 407 kommunar som var med i undersøkinga) når det gjaldt vass-, avlaups-, feie- og revonasjonsgebyr og eigedomsskatt samla. Kompensasjonsinntektene for NORM-deponi er uvisse framover, og kan medføre eit inntektstap på kr 3 mill. årleg i høve til nivået i økonomiplanen. Om Gulen kommune vinn saka kan inntektene verte høgare enn rekna inn i planen.

Den nasjonale ordninga med havbruksfond som er under oppretting, og som vil gje oppdrettskommunane ei inntekt frå sal av nye konsesjonar, kan gje meir inntekt enn rekna inn i økonomiplanen, men kan og gje mindre, avhengig av talet på nye konsesjonar på landsbasis. Produksjonsavgift havbruk er ein annan uvis faktor pr no.

### Føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel for planperioden

Samfunnsdelen inneheld mål for heile planperioden 2012-24, og har tre hovudsatsingsområde med strategiar:

#### A) Busetnad/KOMMUNALE TENESTER

1. For å møte utfordringa med å skaffe arbeidskraft til framtidig utvikling av bedrifter i Gulen, skal det i arealplanen leggst til rette areal for næringsbygg, bustader/ utleieeiningar og ev. idrettsanlegg. Dette skal skje i samarbeid med næringsliv, bygdefolk og i dialog med Masfjorden kommune.
2. Styrke nærmiljø-anlegga tilknytt dei fire grunnskulane, for å stimulere til meir allsidig fysisk, sosial og kulturell aktivitet og styrke det aktivitetstilbodet ein alt har.
3. Tilrettelegge for attraktive tomter til fast busetnad, også spreidd busetnad. Arealplanen skal syne aktuelle område, trygge for ras, flaum, havstigning o.l.
4. Tilrettelegge nye bustadfelt/fortetting i/nær eksisterande bustadområde.
5. Effektiv kommunal sakshandsaming i utbyggingssaker.
6. Bruk av juridisk forpliktande avtalar for å sikre at attraktive tomter ikkje vert selde vidare til fritidsføremål.
7. I alle skulekrinsane skal det vere barnehage, skule og bu- og omsorgsbustader.
8. Gulen kommune skal bidra til å styrke helsa til alle innbyggjarar ved å tenkje «Helse i alt ein gjer». Folkehelse og førebyggjande strategi skal ligge til grunn og implementerast i alt kommunalt planarbeid.
9. Regulere areal til private tenestetilbod i alle krinsar.
10. Styrke det frivillige arbeidet i kommunen ved å vidare utvikle kultur, idrett og friluftslivstilbodet til alle våre innbyggjarar.
11. Legge til rette for innvandring og allereie etablerte innvandrarar.

B) INFRASTRUKTUR/NÆRINGSLIV

1. Satse på vidareutvikling av næring i Gulen.
2. Satse på kultur- og reiselivsbaserte næringer. og særleg behalde og vidareutvikle fritids- og turistfiskebasert næring og akvakultur.
3. Legge til rette for næringsutvikling langs E39.
4. Arbeide for betre sambindingsveggar i kommunen, og for trygt trafikkmønster i og mellom bygdesentra.
5. Styrke kollektivtilbodet i kommunen.
6. Legge til rette for trygge vegar for gåande og syklende til og frå skule, barnehage og arbeidsplass, for å stimulere til fysisk aktivitet.
7. Moderne teknologi skal vere tilgjengeleg i heile kommunen.
8. Samarbeide med nabokommunar.
9. Betre infrastrukturen i kommunen (nytt, frå K-sak 79/16 – kommunal planstrategi 2016-19)

C) BARN OG UNGE/KULTUR

1. Kontinuerleg vurdering og utvikling av kvalitet på tenestene.
2. Styrke dei kommunale tenestene for dei som treng ekstra oppfølging og arbeide for å utjamne sosial ulikskap.
3. Halde fast på nærleik til barnehage, skule og helsestasjon.
4. Legge til rette for større ungdomsmiljø.
5. Arbeide for fleire møteplassar for barn/unge.
6. Prioritere kulturarbeid for barn og unge.
7. Styrke kultursektoren og frivilligsektoren.
8. Utvikle Tusenårsstaden Gulatinget til eit nasjonalt kulturminne og som eit fyrtårn i regionalt reiseliv og kulturliv.
9. Betre samarbeid mellom skule og næringsliv (nytt, frå K-sak 79/16 – kommunal planstrategi 2016-19)

I oversynet over nye satsingstiltak under er alle nye satsingstiltak «heimla» i ein av strategiane over, slik at innsatsen i fireårsperioden skal vere målretta. Inndekkingstiltaka under Kostnadsreduserande tiltak/Auka finansiering består av tiltak som er moglege å kostnadseffektivisere, nedtone eller fjerne utan å kome i strid med lovverket, og som er naudsynte for å få råd til satsingstiltaka og samstundes behalde den økonomiske handlefridomen.

**Føresetnader for løns- og prisutvikling**

Lønsveksten er rekna inn i budsjettet for 2018 med 1,5 % utifrå lønsnivået i september 2017. Utgift til pensjonsordninga vart budsjetttert med 17 % i KLP og 12,11 % i SPK (pedagogisk personell). Arbeidsgjevaravgifta er 10,6 % av all løn. I statsbudsjettet for 2018 er forventa pris- og lønsvekst samla (deflatoren) på 2,6 %.

**Budsjettrammer for 2018**

Økonomiplanen vert vedteken som netto utgiftsramme for kvar sektor (100 Ymse føremål, 2xx Oppvekst, 3xx Omsorg, 400 Plan, landbruk og teknisk), med bindande rammer for 2018 (årsbudsjett), og rettleiande rammer for planlegging i 2018-2021. Alle summar for 2018-2021 er førte opp i faste 2018-prisar. Gulen kommune har tonivåmodell og 14 ulike budsjettansvarlege for kvart sitt budsjettområde. I budsjett/økonomiplan er desse områda grupperte sektorvis. Desse netto budsjettrammene gjeld i 2018:

Rammeområde		Budsjettramme (kr)
1xx	Ymse formål *	29 351
2xx	Oppvekst	55 983
3xx	Omsorg	94 626
4xx	Plan og utvikling	25 670
*inkl. Kyrkjeleg fellesråd kr 2 716 900		

**Økonomiske rammer for 2018-21**

Rammene for 2019-21 er resultat av rammene for 2018 og dei økonomiske konsekvensane av Nye satsingar og Kostnadsreduserande tiltak/Auka finansiering under.

## Nye satsingar

Nye satsingar vart vedteke i K-sak 37/17 (Handlings- og økonomiplan 2018-21). Lista er stort sett lik no, men nokre er endra og tre tiltak er nye. Sjå merknad i tekstfelte under. Desse nye satsingane ligg i revidert økonomiplan:

Nr	Nye tiltak finansierte over drift	2018	2019	2020	2021
<b>1</b>	<b>Busetnad/kommunale tenester</b>				
1.1	Konsulentkjøp, gjennomføring av omsorgsplan	200 000	0	0	0
1.2	Vedlikehald, omsorgsbustader Dalsøyra (NY)	550 000	0	0	0
1.3	Ny organisering av legetenesta (ENDRA)	0	500 000	500 000	500 000
1.4	Auka kjøp av psykologtenester med 20 % stilling	81 000	81 000	81 000	81 000
1.5	Styrke leing for PU-tenesta med 40 % stilling	42 000	42 000	42 000	42 000
1.6	Konsulentkjøp, innsparingsplan PLT	100 000			
1.7	Personvernombod (NY)	30 000	60 000	60 000	60 000
<b>2</b>	<b>Infrastruktur/næringsliv</b>				
2.1	Breiband (ENDRA)	2 000 000	2 000 000	500 000	500 000
2.2	Organisere dugnad for rydding av skog	20 000			
2.3	Forprosjekt fv. 57	100 000			
2.4	Prosjekt for nærare samarbeid mellom skule og næringsliv	50 000			
<b>3</b>	<b>Barn og unge/kultur</b>				
3.1	Auka driftsutgifter, Brekke barnehage	70 000	70 000	70 000	70 000
3.2	Auka driftsutgifter, Hovden barnehage	70 000	70 000	70 000	70 000
3.3	Tilskot til Utkant	75 000	75 000	75 000	75 000
3.4	Utvida prestestilling	45 000	45 000	45 000	45 000
3.5	Ekstra lærling (NY)	138 000			
	<b>Sum</b>	<b>3 571 000</b>	<b>2 943 000</b>	<b>1 443 000</b>	<b>1 443 000</b>

## Kommentarar til nye satsingar

### 1 Busetnad/kommunale tenester

*Dei prioriterte tiltaka skal vere med på å bidra til at vi kan auke innbyggjartalet til minimum 2 500 og behalde 4 livskraftige bygdesenter med levande grender rundt. Tiltaka skal sikre innbyggjarane gode tilbod og skape møteplassar. Gjennom tiltak skal vi sikre trygge og framtidssretta bustadområde.*

#### **1.1 Konsulentkjøp, gjennomføring av omsorgsplan**

Planen legg føring og retning for vidare arbeid, satsingar og kompetanseheving innan omsorgssektoren i inneværande planperiode. I samband med arbeidet med planen er det utarbeidd ein handlingsplan for framtidig innretning av omsorgstenesta i Gulen kommune. Satsingsområda har utgangspunkt i Nasjonale føringar, St.melding nr. 29 « Morgondagens Omsorg». Målet er m.a. at velferdsteknologi skal bli ein integrert del av helse- og omsorgstenesta innnan 2020. Løyvinga i 2018 er oppfølging av ei løyving frå 2017, og er tiltenkt kjøp av konsulenttenester for å gjennomføre satsingsområda.

#### **1.2 Vedlikehald, omsorgsbustader Dalsøyra (NY)**

I K-sak 6/17 vart det godkjent bygging av fellesbygg med bustader på Dalsøyra med brutto kostnadsramme på kr 32 mill. I samband med at saka vart behandla vart det også omtalt at dei 4 eksisterande bustadene definert som Kjellevold hadde behov for oppgradering. Administrasjonen ser føre seg at desse bustadene er aktuelle som salsobjekt og det er difor behov for noko oppgradering, til dømes nytt golvbelegg, maling, byte plater på bad, byte dører, ny takstein, nye kjøken og reparasjon av utvendig kledning.

#### **1.3 Ny organisering av legetenesta (ENDRA)**

Ny organisering av legetenesta vart vedteke i K.sak 39/17. Kommunen overtok drift av legekantoret frå 01.04.2017. Frå 01.10.2017 er alle tre legestillingane fastlønstillingar. Kommunen skal i løpet av 2018 erstatte 1 av legane som går av med pensjon.

#### **1.4 Auka kjøp av psykologtenester med 20 % stilling**

Gulen kommune kjøper i dag 20 % stilling kommunepsykolog frå Masfjorden kommune. Etter møte med Masfjorden er det kome signal om at Gulen i realiteten nyttar opp mot 40 % stilling. For at samarbeidet skal halde fram krev Masfjorden at Gulen kjøper 40 % stilling frå 01.06.2017. Ein føresetnad er og at samarbeidet vert betre mellom legetenesta, psykisk helse og psykologen. For å løyse desse utfordringane bør vi auke stillinga med 20 %.

#### **1.5 Styrke leing for PU-tenesta med 40 % stilling**

PU-tenesta har store utfordringar innan leiarstrukturen, m.a. ser vi at leiar ofte sluttar etter kort tid. Tenesta er inne i til dels store endringar, og det trengs å styrke leiinga. Administrasjonen ynskjer å sette inn nestleiar i 80 % stilling. For å gjennomføre auken vert fagleg ressurs som i dag er 20 %\*2 slått saman og tilført 40 % ny stilling. Auken kjem inn under ordninga med ressurskrevjande brukarar, og vert dermed finansiert 80% frå staten.

#### **1.6 Konsulentkjøp, innsparingsplan PLT**

PLT har utfordringar framover, og det er krevjande å finne omleggingar i drifta som vil gje innsparing. Det er behov for å sjå nærare på ressursbruk og driftsform. Som eit nytt tiltak er det difor foreslått å setje av midlar til å køyre ein organisasjonsprosess for å vurdere omleggingar innan PLT.

#### **1.7 Personvernombod (NY)**

Ny lovendring frå mai 2018 inneber at kommunen må ha eit personvernombod. Truleg i lag med dei andre SYS-kommunane. Det er budsjettert med 10 % stilling. Lovendring krev omfattande gjennomgang og kvalitetssikring av dei register og sysem me har. Vil krevje prosjektmidlar som vert løyst ved omprioriteringar i administrasjonen.

### **2 Infrastruktur/næringsliv**

*Dei prioriterte tiltaka skal vere med på å skape fleire lønsomme og varierte arbeidsplassar. Tiltaka skal bidra til å minske avstandsuilempene slik at kommunen kan vere eit felles bu- og arbeidsområde.*

#### **2.1 Breiband (ENDRA)**

Satsing på utbygging av fiberbasert breiband, med løyvingar kvart år i planperioden for å utløyse statlege og fylkeskommunale tilskot til slik utbygging i Gulen. Utbygging av fiberkapasitet i skulebygdene har fått kr 6 mill. i statstilskot (NKOM), og baserer seg på at kommunen nyttar kr 4 mill., som utgjer sum dei to første åra av perioden.

#### **2.2, 2.3 og 2.4 er nye tiltak frå K-sak 89/17.**

### **3 Barn og unge/kultur**

*Dei prioriterte tiltaka vil bidra til å gje god kvalitet på tenester til barn og unge og skape trygge og gode oppvekstvilkår. Tiltaka vil vidare vere viktig for å skape felles identitet.*

#### **3.1 Auka driftsutgifter, Brekke barnehage**

Kostnadsauken er knytt til utviding av arealet som krev meir reinhald, auka oppvarmingskostnad og nye serviceavtalar.

#### **3.2 Auka driftsutgifter, Hovden barnehage**

Kostnadsauken er knytt til utviding av arealet som krev meir reinhald og nye serviceavtalar knytt til brannvarsling og ventilasjon. Oppvarmingskostnadene aukar truleg ikkje.

#### **3.3 Tilskot til Utkant**

Det vqart i K-sak 37/17 (Handlings- og økonomiplan 2018-21) vedteke å gje årleg tilskot på kr 75 000 til stiftinga Utkant i økonomiplanperioden.

### 3.4 Utvida prestestilling

Auka løyving til Gulen kyrkjelege fellesråd med kr 45 000 i 2017 og ytterlegare kr 45 000 frå 2018 for å delfinansiere auka prestestilling i området Gulen, Masfjorden og Solund. Løyving vedteke i K-sak 96/16. Etter dette er det tre prestestillingar i området.

### 3.5 Ekstra lærling (NY)

Behov for løyving til ekstra lærling i Eivindvik sone. Innvilga permisjonar o.l kan frå tid til annan innebære at det vert ei «oppopping» av tal lærlingar. For å kunne ta inn ny lærling i 2018 er det difor behov for å auke løyvinga i 2018.

### Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering

Dette ligg i økonomiplanen:

	Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering	2018	2019	2020	2021
1	Driftsomlegging sentraladministrasjonen	400 000	400 000	400 000	400 000
2	Driftsomlegging oppvekst	300 000	800 000	1 800 000	2 400 000
3	Strukturendring oppvekst	0	1 032 000	1 720 000	1 720 000
4	Driftsomlegging omsorg etter revidert omsorgsplan	750 000	2 250 000	3 250 000	3 250 000
5	Driftsomlegging PU	750 000	750 000	750 000	750 000
6	Driftsomlegging PLT	400 000	400 000	400 000	400 000
7	Auka inntekter etter retaksering eigedomsskatt	6 200 000	6 200 000	6 200 000	6 200 000
8	Ny inntekt frå havbruksfond	500 000	500 000	500 000	500 000
9	Produksjonsavgift havbruk (laks og ørret) (NY)	1 250 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
10	Finansiere Breiband med disp.fond (NY)	2 000 000	2 000 000	500 000	500 000
11	Redusere margin frå 1,75 % (kr 4,4 mill.) + NORM-midlar + produksjonsavgift havbruk	5 513 000	3 616 000	1 375 000	2 304 000
	<b>Sum</b>	<b>18 063 000</b>	<b>20 448 000</b>	<b>19 395 000</b>	<b>20 924 000</b>

### Kommentarar til kostnadsreducerande tiltak/auka finansiering

#### 1 Driftsomlegging sentraladministrasjonen

Innsparing vert gjennomført gjennom reduksjon av ca. 1 stilling. Skjer ved naturleg avgang og i samband med ledige stillingar. Stilling som kulturkonsulent er redusert til for tida 45 %. Resten av innsparinga er planlagt innafor Løns- og personalavdelinga.

#### 2 Driftsomlegging oppvekst

Elevtalsutvikling med utgangspunkt i registrerte barn no (flytting til og frå vil endre tala):

Haust 2017	Haust 2018	Haust 2019	Haust 2020	Haust 2021
280	266	254	239	239

I Gulen er det i underkant av 10 elevar pr lærarstilling. Med ein nedgang i elevtalet på 40 elevar vil det seie at ein skal kunne spare ca 4 stillingar, eller ein stilling pr eining. Dette vil gje ei innsparing på kr 2,4 mill. Dette er i samsvar med den totale innsparinga i gjeldande økonomiplan. Nedgangen er nokolunde lik for alle einingane. Ein bør difor ikkje gjere strukturendringar for å dekke denne innsparinga, men om mogeleg gjere ei justering av innsparingane tilpassa nedgangen i elevtalet. Dette sikrar og at ein held på fleksibiliteten ein har, med gjeldande struktur, og ein vil ikkje ha problem med auka tilflytting. Reduksjonskrav utover det som ligg i planen medfører at ein ser på omleggingar i ungdomsstegsstrukturen, der ein kan gjere omleggingar mellom einingane i Gulen eller i samarbeid med Masfjorden.

#### 3 Strukturendring oppvekst

Aktuelle vegar til innsparing

A) Innanfor gjeldande struktur

· Lågare stillingsramme, skjere i lønsbudsjettet, einingane tilpassar seg nedgangen i elevtal  
NB! Elevtalet går opp hausten 2017 til 281 før det går ned i 2018 til 266, til 253 i 2019 og til 239 i 2020

- Lågare stillingsramme, endringar i organisering og undervisning, meir bruk av aldersblanda grupper og teknologi
- Kombinasjonar

#### B) Strukturendringar

- Samarbeid Dalsøyra - Nordbygda om u-steget, felles på Hosteland
  - o Minst auke i reisebelastning
  - o Delvis eksisterande bussruter
  - o Greie årsgrupper
  - o Kan måtte gjere tidstilpassingar
  - o Gevinstdeling med Masfjorden
- Samarbeid Byrknes – Eivindvik om u-steget, felles i Eivindvik
  - o Auka reisebelastning
  - o Delvis eksisterande ruteopplegg
  - o Tilpassing av skuletid, vanskar Austrheim
  - o Greie årsgrupper
- Samarbeid Brekke – Matre om u-steget, Matre?, Brekke?
  - o Auka reisebelastning
  - o Greie årsgrupper
  - o Tidstilpassingar???
  - o Gevinstdeling
- Kombinasjonar.

#### **4 Driftsomlegging omsorg etter revidert omsorgsplan**

Handlingsdelen skisserer innsparing av to stillingar ved Gulen sjukeheim/Eivindvik sone med verknad frå 01.05.17. Føresetnaden er at open omsorg kan ta i mot meir pleietrengande personar.

Innføring av velferdsteknologi vil og føre til at personar kan bu lengre heime, og dermed føre til mindre kostnader for kommunen. Ein føresetnad er breibanddekning i heile kommunen.

Relevante lover og retningsliner: Vedtak i kommunestyret om reduksjon på kr 750 000,- på omsorg.

Føresetnader for å få gjennomført tiltaket:

- Reduksjon av 2-4 plassar på Gulen sjukeheim
- Romma lyt stengast av på «permanent» basis, kan ikkje fungere som buffer når det er påtrykk med ferdigbehandla pasientar frå sjukehus eller press på sonene.

Konsekvensar av gjennomføring av tiltaket:

- Sonene må ta seg av ferdigbehandla pasientar frå sjukehus når det er fullt på sjukeheimen.
- Mindre mulighet for avlastning, større belastning på sonene
- Færre langtids plassar, då ein må ha nokre korttids plassar også.
- Mindre brukarbetaling. Brukarbetaling på korttids plass er kr 145,- pr dag. Ingen brukarbetaling på avlastnings plasser. Medfører mulig mindre inntjening enn antatt.
- Mindre vakanse på helg
- Auka bruk av ekstrahjelp/overtid fordi ein likevel vert pålagt å «opne» romma.

#### **5 Driftsomlegging PU**

Handlingsdelen skisserer innsparingar av to stillingar gjennom innføring av ny turnus frå 01.05.17 med langvakter. Nytt aktivitetssenter vil redusere trongen for 1:1 bemanning på dagtid for ein del av brukarane. Meir utførleg forklaring i eigen tiltaksliste.

## **6 Driftsomlegging PLT**

PLT har utfordringar framover, og det er krevjande å finne omleggingar i drifta som vil gje innsparing. Det er behov for å sjå nærare på ressursbruk og driftsform. Jf. Nye satsingar nr 1.6, som handlar om å setje av midlar til å køyre ein organisasjonsprosess for å vurdere omleggingar innan PLT.

## **7 Auka inntekter etter retaksering eigedomsskatt**

Det vert no gjennomført ny allmenn taksering i Gulen kommune, med verknad frå skatteåret 2018. Verdiane på alle eigedomar vert oppjustert frå 2007/2009 og vil gje grunnlag for utskriving av nye takstar på eigedomane i Gulen kommune. Førebelse prognosar tyder på at det her ligg noko handlingsrom i høve nye inntekter.

## **8 Ny inntekt frå havbruksfond**

Regjeringa har varsla at inntekt frå nye havbrukskonsesjonar frå 2016 delvis skal tilfalle vertskommunane for oppdrett. Gulen har 1,39 % av konsesjonane i Noreg pr november 2015. Første runde med fordeling skjer hausten 2017, med rundt kr 0,5 mill. til Gulen kommune. Nivået framover er framleis uvisst, men det er lagt inn kr 0,5 mill. utover 2017-nivå årleg, dvs. kr 1 mill. i slike inntekter kvart år framover. Gjort greie for under Inntektsføresetnader.

## **9 Produksjonsavgift havbruk (NY)**

Gjort greie for under Inntektsføresetnader.

## **10 Finansierte Breiband med disposisjonsfond (NY)**

Heng saman med tiltaket 2.1 under nye satsingar. Bruk av disposisjonsfond vert rekna som forsvarleg fordi satsinga er føresett å vere tidsavgrensa.

## **11 Redusere driftsmargin frå 1,75 % (om lag kr 4,4 mill.) + NORM-inntekter + produksjonsavgift havbruk**

KS tilrår å leggje opp til driftsmargin på om lag 1,75 % av dei disponible inntektene kvart år, for å ha handlingsrom til å kunne delfinansiere nye drifts- og investeringstiltak utover handlings- og økonomiplanen og ha buffer mot uventa meirutgifter. I tillegg burde same sum som NORM-midlar og produksjonsavgift havbruk vore sett av til fond, då desse inntektene er uvisse. Reduksjon frå ynskt driftsmargin er vurdert som Auka finansiering.

## **Endringar i rammer i planperioden**

Rammene i revidert handlings- og økonomiplan for 2019-21 er endra med verknadene av Nye satsingar og Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering.

## **INVESTERINGAR 2018-2021**

Det er lagt opp til investeringar i økonomiplanperioden på om lag kr 184 mill., som er ein nedjustering frå kr 196 mill. i 2017. Reduksjonen er i hovudsak knytt til at siste del av Omsorgsbustader Dalsøyra vart finansiert i 2017, medan det ikkje er lagt inn nye større prosjekt i planen no. Dei store prosjekta Symjehall og Bygg Tusenårsstaden Gulatinget er flytta til det siste året i økonomiplanperioden, både utifrå framdrifta til no og moglege finansieringsløyser.

I driftsbudsjettet er auka netto renteberande lånegjeld på grunn av investeringsplanen venta å bli om lag kr 7 mill. i 2018, kr 11 mill. i 2019, kr -5 mill. i 2020 og kr 50 mill. i 2021. Det store lånopptaket i slutten av perioden er føresett kombinert med store eksterne tilskot. Lånegjelda vil likevel auke med over kr 40 000 pr innbyggjar som følgje av den fireårige investeringsplanen.

I tillegg til tabellen under skal inntekter frå tomtsal og låneordningar til vidare utlån gjennom Husbanken førast i investeringsrekneskapa. Utifrå nivået dei siste åra er årlege nettoinntekter frå sal av bustadtomter i åra 2018-21 sett til kr 200 000. Årlege låneopptak frå Husbanken til vidare utlån (startlån), som over tid vert finansiert av låntakarane, er sett til kr 2 mill.

Oppstarta, ikkje fullførte investeringsprosjekt frå 2017, inngår ikkje i oversikta under. Løyvingar til eventuelle finansierte, men ikkje fullførte prosjekt vert vurdert overført til 2018 etter årsskiftet.

Det er ikkje lagt inn auke av rammene på grunn av driftsmessige effektar knytt til investeringane. Symjeanlegg vil truleg føre til minst kr 3 mill. i auka utgifter frå 2022. Bygg på Tusenårsstaden Gulatinget vil truleg og belaste kommunebudsjettet med auka driftsutgifter. Begge dei nemnde prosjekta er i stor grad avhengige av ekstern finansiering. IKT-investeringane vil føre til noko auka driftsutgifter. Desse må dekkjast innafor dei vanlege budsjetttrammene. Dei bygningsmessige investeringane vil kunne føre til både auka og reduserte driftsutgifter, avhengig av korleis prosjekta vert utforma, til dømes gjev ENØK-investeringar lågare driftsutgifter, medan bygging av meir areal gjev høgare driftsutgifter i framtida.

Før dei større prosjekta i planen vert oppstarta skal det som hovudregel leggjast fram ei politisk sak med detaljering av dei ulike prosjekta.

### **Investeringsprosjekt som skal gjennomførast/gjev utgifter i perioden**

<b>Brutto investeringar (i 1 000 kr)</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>Sum</b>
<i>Busetnad/kommunale tenester</i>					
IKT – ymse (1100-1220)	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Bustadfelt Dalsøyra (6450)	1 000	9 000			10 000
Bustadfelt Ortneset (6470)	500	4 500			5 000
Sentrumstiltak Eivindvik (6401)	1 500	2 000			3 500
Bilar ymse (2100)	300	300	300	300	1 200
Ombygging og utstyr, reinhaldsfunksjonar (4250)	500				500
Byrknes skule – ventilasjon (4222)		1 500			1 500
Byrknes skule - gjerde (4223)		150			150
Eivindvik skule – bossanlegg/drenering av skuleplass (4207)		200			200
Eivindvik skule - lys langs veg (4206)	300				300
Eivindvik og Byrknes skule, kommunehus - brann- og sikringstiltak (5290)	1 000				1 000
Bu- og omsorgssenter - universell utforming, dører (5291)		500			500
Gulen sjukeheim - kjølfrys/SD (5262)	1 000				1 000
Gulen sjukeheim - solskjerming (NY)	300				300
Utekontor Byrknes (NY)	100				100
Byrknes skule – utbetring (NY)	500				500
<i>Infrastruktur/næringsliv</i>					
Trafikksikringstiltak (4510)	1 500		1 500		3 000
Investeringar kommunale vegar (4530 og 4550)	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Opprusting Eivindvik vassverk (4920)	3 000				3 000
Kloakksanering Eivindvik sone 6 og 8 (3300)	1 500	3 000			4 500
<i>Barn og unge/kultur</i>					0
Symjeanlegg (4400)				80 000	80 000
Tusenårsstaden Gulatinget (6150)				53 400	53 400
Dagsturhytte (NY)	100				120
<i>Ymse</i>					0
Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd (6110)	150	300	150	150	600
Eigenkapitalinnskot - KLP (7020)	700	700	700	700	2 800
<b>Sum</b>	<b>16 950</b>	<b>25 150</b>	<b>5 650</b>	<b>137 550</b>	<b>185 300</b>

Det er viktig å presisere at tabellen over viser bruttoinvesteringar. For fleire av postane ligg det inntekter/tilskot som er synt til i tabellen og kommentarane under. Sist i perioden ligg det fleire store prosjekt som neppe vert gjennomført utan medfinansiering frå andre.



Finansieringsbehovet i **2018** vert dekt slik:

Finansiering av brutto investeringar	Alle tal i 1000 kr
Lån	14 130
Disposisjonsfond	700
Disposisjonsfond: NORM-fond	0
Mva.komp. frå investeringar	2 120
Eigne tilskot	
Tilskot frå andre	0
<b>Sum</b>	16 950

## **Kommentarar til investeringane**

### **Busetnad/kommunale tenester**

*Dei prioriterte til taka skal vere med på å bidra til at vi kan auke innbyggjartalet til minimum 2 500 og behalde 4 livskraftige bygdesenter med levande grender rundt. Tiltaka skal sikre innbyggjarane gode tilbod og skape møteplassar. Gjennom tiltak skal vi sikre trygge og framtidretta bustadområde.*

### **IKT – ymse**

Summen gjeld ymse investeringar knytt til auka bruk av IKT i heile organisasjonen. Vert fordelt av administrasjonen på ulike prosjekt gjennom året.

### **Bustadfelt Dalsøyra**

Tiltaket vart alt sett opp i økonomiplanen for 2012. Det er eit ynskje om å utvikle prosjektet i samarbeid med private aktørar. Det føreligg pr d.d. ingen konkrete utviklingsplanar og prosjektet ligg no i økonomiplanen med oppstart i 2018.

### **Bustadfelt Ortneset**

Prosjektet er i tidleg fase. I kommuneplanarbeidet vart eit kommunalt område på Ortneset avsett til bustadområde. Arealmessig avklaring forventa i 2018.

### **Sentrumstiltak Eivindvik**

Det er behov for oppgradering av veg i sentrum Eivindvik. Føremålet må vere å få på plass betre skilje mellom bilar og fotgjengarar. Tiltaket er tenkt gjennomført i samband med kloakksanering i området.

### **Bilar**

Ulike tenester har behov for nye køyretøy. Utstyret er mykje i bruk, og det er difor kvart år budsjettert med bytte av 1 bil.

### **Ombygging og utstyr, reinhaldsfunksjonar**

Tilrettelegging utifrå standardkrav for betre reinhald.

### **Byrknes skule - ventilasjon**

Krav etter forskrift.

### **Byrknes skule – gjerde**

Etablere gjerde rundt leikeareal.

### **Eivindvik skule – drenering og etablering av bossanlegg**

Det må etablerast bossanlegg. Dette grunna brannfare når containarar står inntil skule. Elles drenering av uteområde knytt til dette.

### **Eivindvik skule – lys langs veg**

Montere lysmaster/armatur langs veg frå FV-til snuplass skule/barnehage.

### **Eivindvik og Byrknes skule, kommunehus - brann- og sikringstiltak**

Grunna avvik knytt til branndokumentasjon vert det no sett eit stort trykk på oppgradering av byggteikningar og brannteknisk vurdering. I dette ligg også nødvendige investeringar som brannvarslingsanlegg.

### **Bu- og omsorgssenter - universell utforming, dører.**

Montere nye ytterdører som er univesiell utforma.

### **Gulen sjukeheim - kjøle- og fryseanlegg, SD-overvaking osv.**

Nytt kjøle/frysanlegg + overføring av overskotsvarme m.m.

### **Gulen sjukeheim – solskjerming (NY)**

Gjeld solskjerming på sjukeheimen. Både pasientrom og fellesareal treng solskjerming.

### **Utekontor Byrknes (NY)**

Gjeld lydisolering og tilrettelegging med vatn på eit behandlingsrom.

### **Byrknes skule - utbetring (NY)**

Vedteke etter framlegg i K-sak 89/17.

## **Infrastruktur/næringsliv**

*Dei prioriterte tiltaka skal vere med på å skape fleire lønsomme og varierte arbeidsplassar. Tiltaka skal bidra til å minske avstandsulempene slik at kommunen kan vere eit felles bu- og arbeidsområde.*

### **Trafikktryggingstiltak**

Avsett ramme til trafikktryggingstiltak som får fylkeskommunalt tilskot (75 %). Kommunane søkjer om midlar etter ein kommunal plan, men kan ikkje rekne med å få tilskot kvart år. Ramma vert fordelt til konkrete prosjekt når tilskot er innvilga.

### **Investeringar kommunale vegar (4530 og 4550)**

Tenkt som ei ramme som inneheld fleire oppgraderings- og investeringsprosjekt på kommunale vegar, bruer, kaier osv. Vert fordelt av administrasjonen på ulike prosjekt gjennom året.

Dei siste åra har mange kommunale vegar fått asfaltdekke, men nokre vegar står att. Det er gjennom inspeksjonar utført av konsulent funne avvik ved fleire av dei kommunale bruene. Fleire stader manglar sikring i form av autovern, og det er behov for å oppgradere enkelte vegparti. Kommunen eig 15 kaier - fleire av desse treng opprusting. Dette prosjektet kan sjåast i samanheng med trafikktryggingssprosjektet.

### **Opprusting Eivindvik vassverk**

I samband med tilrettelegging for nytt bustadfelt i Eivindvik må det kommunale vassverket oppgraderast. Prosjektet vert over tid betalt av vassverksabonnentane (sjølvkost).

### **Kloakksanering Eivindvik sone 6 og 8**

Tiltaket er i samsvar med *Rammeplan for avløp (1995)*, og gjeld montering av slamavskiljar og påkopling av abonnentar. Prosjektet vert over tid betalt gjennom gebyr (sjølvkost).

## **Barn og unge/kultur**

*Dei prioriterte tiltaka vil bidra til å gje god kvalitet på tenester til barn og unge og skape trygge og gode oppvekstvilkår. Tiltaka vil vidare vere viktig for å skape felles identitet.*

### **Symjeanlegg**

Det er sett av kr 80 mill. (13 mill. i eigendel) til symjeanlegg. Grunna uavklart finansiering er prosjektet sett av i siste del av økonomiplanperioden. Tiltaket er gjeve prioritet i kommunen sin idrettsplan. Finansiering av prosjektet føreset bidrag frå private. Det er utarbeidd ein forstudie som vil danne grunnlag for å arbeide vidare med å avklare finansiering av prosjektet.

### **Tusenårsstaden Gulatinget**

Kommunen jobbar med å få på plass eit visningsbygg knytt til anlegget. Prosjektet har uavklart finansiering og er flytta sist i økonomiplanperioden. Det er føresett at kommunen og fylkeskommunen stiller med lik finansiering i prosjekta. Det vert også søkt å skaffe anna ekstern finansiering i flest mogleg av tiltaka. Det er søkt om statsstøtte til visningsbygget.

### **Dagsturhytte (NY)**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har teke initiativ til å byggje Dagsturhytter i alle kommunane i fylket. Hyttene vert finansiert mellom anna med spelemidlar og støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Kostnad på klargjering av tomt blir kommunen sin eigenandel, samt desse ekstra kostnadene som har ein faktisk netto på kr 25 053 på takstolar og kr 16 324 på himling. Himling er valfritt.

(Kostnadane er sett til kr 53 685 for takstolar og kr 43 312 for himling, netto kostnad er etter ein har rekna ut spelemiddeltilskot og trekt ut mva-refusjon).

Finansieringsplan utover dette;

Finansiering 550 000, denne dekkast slik:

Spelemidlar 183 000

Sparebankstiftinga 200 000

Administrasjon 25 000

Momsrefusjon 142 000

## **Ymse**

### **Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd**

Tilskot til andre sine investeringar skal til vanleg førast i driftsrekneskapen. Kyrkjelova heimlar eit unntak for dette på grunn av dei særskilte pliktene kommunen har for kyrkjene. Gulen kyrkjelege fellesråd tek no i bruk Husbanken sin rentekompensasjonordning på lån til oppgradering av kyrkjebygg. Kommunen yter lån til kyrkja og det kommunale bidraget inngår som del av finansieringa.

### **Eigenkapitalinnskot KLP**

I takt med auka omsetnad har KLP hatt behov for tilføring av ny kapital frå eigarane. Nivået i økonomiplanperioden er sett utifrå prognosar.

## VEDTAK, K-SAK 89/17: HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2018-21 MED BUDSJETT FOR 2018

1. Satsingar og innsparingar.

a. Desse satsingane ligg i økonomiplanen:

Nr	Nye tiltak finansierte over drift	2018	2019	2020	2021
<b>1</b>	<b>Busetnad/kommunale tenester</b>				
1.1	Konsulentkjøp, gjennomføring av omsorgsplan	200 000			
1.2	Vedlikehald, omsorgsbustader Dalsøyra (NY)	550 000			
1.3	Ny organisering av legetenesta (ENDRA)	0	500 000	500 000	500 000
1.4	Auka kjøp av psykologtenester med 20 % stilling	81 000	81 000	81 000	81 000
1.5	Styrke leing for PU-tenesta med 40 % stilling	42 000	42 000	42 000	42 000
1.6	Konsulentkjøp, innsparingsplan PLT	100 000			
1.7	Personvernombod (NY)	30 000	60 000	60 000	60 000
<b>2</b>	<b>Infrastruktur/næringsliv</b>				
2.1	Breiband (ENDRA)	2 000 000	2 000 000	500 000	500 000
2.2	Organisere dugnad for rydding av skog	20 000			
2.3	Forprosjekt fv. 57	100 000			
2.4	Prosjekt for nærare samarbeid mellom skule og næringsliv	50 000			
<b>3</b>	<b>Barn og unge/kultur</b>				
3.1	Auka driftsutgifter, Brekke barnehage	70 000	70 000	70 000	70 000
3.2	Auka driftsutgifter, Hovden barnehage	70 000	70 000	70 000	70 000
3.3	Tilskot til Utkant	75 000	75 000	75 000	75 000
3.4	Utvida prestestilling	45 000	45 000	45 000	45 000
3.5	Ekstra lærling (NY)	138 000			
	<b>Sum</b>	<b>3 571 000</b>	<b>2 943 000</b>	<b>1 443 000</b>	<b>1 443 000</b>

b. Desse innsparingane/auka inntekter ligg i økonomiplanen:

	Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering	2018	2019	2020	2021
1	Driftsomlegging sentraladministrasjonen	400 000	400 000	400 000	400 000
2	Driftsomlegging oppvekst	300 000	800 000	1 800 000	2 400 000
3	Strukturendring oppvekst	0	1 032 000	1 720 000	1 720 000
4	Driftsomlegging omsorg etter revidert omsorgsplan	750 000	2 250 000	3 250 000	3 250 000
5	Driftsomlegging PU	750 000	750 000	750 000	750 000
6	Driftsomlegging PLT	400 000	400 000	400 000	400 000
7	Auka inntekter etter retaksering eigedomsskatt	6 200 000	6 200 000	6 200 000	6 200 000
8	Ny inntekt frå havbruksfond	500 000	500 000	500 000	500 000
9	Produksjonsavgift havbruk (laks og ørret) (NY)	1 250 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
10	Finansiere Breiband med disp.fond (NY)	2 000 000	2 000 000	500 000	500 000
11	Redusere margin frå 1,75 % (kr 4,4 mill.) + NORM-midlar + produksjonsavgift havbruk	5 513 000	3 616 000	1 375 000	2 304 000
	<b>Sum</b>	<b>18 063 000</b>	<b>20 448 000</b>	<b>19 395 000</b>	<b>20 924 000</b>

c. Disse netto budsjettrammene gjeld i 2018:

Rammeområde		Budsjettramme (kr)
1xx	Ymse formål *	<b>29 351</b>
2xx	Oppvekst	<b>55 983</b>
3xx	Omsorg	<b>94 626</b>
4xx	Plan og utvikling	<b>25 670</b>
*inkl. Kyrkjeleg fellesråd kr 2 716 900		

Rådmannen får fullmakt til å justere rammene for dei ulike områda i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

2. For år 2018 skriv Gulen kommune ut forskotsskatt på inntekt og formue med dei maksimaltakstar som vert fastsett av Stortinget.
3. Ved heimel i eigedomsskattelova §§2 og 3 vert i 2018 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Gulen kommune. Skattesatsen blir etter § 11 fastsett til 7 promille, men 3,5 promille for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar (jf. §12 a). Vedtekter er godkjende i K-sak 11/17. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, juni, september og desember i skatteåret.
  - a. Disse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
    - I. Alle fylkesveggar
    - II. Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnefest grendahus, Sørøyane grendahus, Takle grendahus, ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset, Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus.
  - b. Disse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
  - c. Disse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 10 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert.
  - d. For bustaddelen av eigedomar (gjeld og fritidseigedomar) som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr 50 000 kroner av takstverdien (jf. § 11).
4. Sats for etableringstilskot i 2018 vert sett til kr 40 000. For utleigeeining kr 20 000.
5. Investeringar
  - a. Slikt investeringsnivå for 2018-2021 vert godkjent (2018-summane er bindande):

Brutto investeringar (i 1 000 kr)	2018	2019	2020	2021	Sum
<i>Busetnad/kommunale tenester</i>					
IKT – ymse (1100-1220)	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Bustadfelt Dalsøyra (6450)	1 000	9 000			10 000
Bustadfelt Ortneset (6470)	500	4 500			5 000
Sentrumstiltak Eivindvik (6401)	1 500	2 000			3 500
Bilar ymse (2100)	300	300	300	300	1 200

Gulen kommune  
Årsbudsjett 2018- Økonomiplan 2018-2021

Ombygging og utstyr, reinhaldsfunksjonar (4250)	500				500
Byrknes skule – ventilasjon (4222)		1 500			1 500
Byrknes skule - gjerde (4223)		150			150
Eivindvik skule – bossanlegg/drenering av skuleplass (4207)		200			200
Eivindvik skule - lys langs veg (4206)	300				300
Eivindvik og Byrknes skule, kommunehus - brann- og sikringstiltak (5290)	1 000				1 000
Bu- og omsorgssenter - universell utforming, dører (5291)		500			500
Gulen sjukeheim - kjølfrys/SD (5262)	1 000				1 000
Gulen sjukeheim - solskjerming (NY)	300				300
Utekontor Byrknes (NY)	100				100
Byrknes skule - utbetring (NY)	500				500
<i>Infrastruktur/næringsliv</i>					0
Trafikksikringstiltak (4510)	1 500		1 500		3 000
Investeringar kommunale vegar (4530 og 4550)	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Opprusting Eivindvik vassverk (4920)	3 000				3 000
Kloakksanering Eivindvik sone 6 og 8 (3300)	1 500	3 000			4 500
<i>Barn og unge/kultur</i>					0
Symjeanlegg (4400)				80 000	80 000
Tusenårstaden Gulatinget (6150)				53 400	53 400
Dagsturhytte (NY)	120				120
<i>Ymse</i>					0
Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd (6110)	150	300	150	150	750
Eigenkapitalinnskot - KLP (7020)	700	700	700	700	2 800
<b>Sum</b>	<b>16 950</b>	<b>25 150</b>	<b>5 650</b>	<b>137 550</b>	<b>181 300</b>

b. Investeringane i 2018 skal finansierast slik:

<b>Finansiering av brutto investeringar</b>	<b>Alle tal i 1000 kr</b>
Lån	14 130
Disposisjonsfond	700
Disposisjonsfond: NORM-fond	0
Mva.komp. frå investeringar	2 120
Eigne tilskot	
Tilskot frå andre	0
<b>Sum</b>	<b>16 950</b>

c. I tillegg skal investeringsbudsjettet for 2018 innehalde ei ramme for nye startlån på kr 2 mill.

d. Ikkje fullførte investeringsprosjekt frå 2017 vert å ta stilling til overføring av i eigen sak.

e. Administrasjonen får fullmakt til å fordele investeringramme på prosjekt IKT, Bilar og Investering kommunale vegar.

6. Låneopptak i 2018 på kr 14,13 mill. til investeringar og kr 2 mill. til vidare utlån (startlån) vert godkjent.

7. Framlegget til budsjett for 2018 med rullert handlings- og økonomiplan 2018–2021 vert godkjent.

## **VEDTAK, K-SAK 88/17: FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2018**

Slike satsar for gebyr, avgifter, husleige osb. skal gjelde for 2018:

### RAMMEOMRÅDE 1xx – YMSE FØREMÅL

#### *12020 Økonomiforvaltning*

Kommunale gebyr etter Inkassolova og Rettsgebyrlova vert sett til maksimum i lovene for alle krav der det er høve til det. Det skal reknast morarenter på alle kommunale krav der det er høve til det.

#### *12050 Fellesfunksjonar og fellesutgifter*

Sjølvkostprinsippet skal gjelde for prisar på kopieringstenester, laminering osb

### RAMMEOMRÅDE 2xx – OPPVEKST

#### *20100 Barnehage*

Art 6000 Brukarbetaling: I framlegg til statsbudsjett er maksprisen sett til kr 2 910 pr. måned for heil plass. Satsane for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid følgjer satsane i framlegget til statsbudsjett.

Det ligg ingen føringar frå staten på brukarbetaling for deltids plass. Kommunestyret har tidlegare bestemt at brukarbetaling pr. dag skal vere tilnærma lik.

Betaling for frukt og mjølk er inkludert i foreldrebetalinga.

Art 770 Refusjon frå andre: Foreldrebetaling for mat skal etter Kostra førast som ein refusjon. Prisane er indeksregulerte.

#### *21500 Skule/fritidstilbod*

Satsane er indeksregulerte

#### *38310 Musikkskule*

Indeksregulerte takstar

### RAMMEOMRÅDE 3xx – OMSORG

#### *24180 Psykiatri*

Eigenbetaling for leige av lyskabinett: kr 265 pr behandlingsperiode.

#### *25300 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon*

Satsar for tenestesar ved Gulen sjukeheim i 2018:

Full pensjon: kr 135

Middag: kr 105

Kledevask: kr 65

Betaling for korttidsopphald skal fylgja maksimalsats fastsett av Stortinget.

#### *25400 Pleie, omsorg, hjelp i heimen*

Eigenbetaling for heimehjelp:

Inntekt under 2G: maksimalsats fastsett ved forskrift

Inntekt over 2G: kr 265 pr time

Alarmtelefonar: kr 350 pr mnd. (inkl. kr 35 i adm.gebyr)

Tenestesar, heimetenestene:

Full pensjon: kr 135

Middag: kr 105

Kledevask: kr 65

Betaling for korttidsopphald skal fylgja maksimalsats fastsett av Stortinget.

#### *24240 Skjenkekontrollen*

Gebyr einskildhøve skjenkekontroll: kr 360

### RAMMEOMRÅDE 400 – PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

#### *26500 Kommunalt disponerte bustader*

Justering etter konsumprisindeksen, ev. justert til gjengs leige iht. husleigelova.

*30100 Planlegging*

Ingen auke

*30200 Byggesakshandsaming*

Ingen auke.

*30300 Kart- og delingsforretning*

Ingen auke

*32540 Landbruk*

Ingen auke

*33810 Feiing*

Ingen auke

*34000 Produksjon av vatn/34500 Distribusjon av vatn*

5 % auke. Dersom ny forskrift for vassavgift fører til urimeleg høg pris for mottakar skal ein vurdere endringar og tilpassingar i forskrifta.

*35310 Kloakknett*

Ingen auke

*35400 Slam*

Ingen auke

*Renovasjonsgebyr*

Som vedteke i NGIR

*36020 Viltforvaltning*

Fellingsavgift for hjort:

Maksimalsats (kr 330 pr. felt vaksen hjort)

Maksimalsats (kr 200 pr. felt kalv)



## BUDSJETTSKJEMA 1A – DRIFTSBUDSJETTET

<b>Budsjettskjema 1A, jf KOM-vedtak 089/17 ØKONOMIPLAN MED BUDSJETT 2018-2021</b>						
	R- 2016	RB- 2017	B- 2018	ØP- 2019	ØP- 2020	ØP- 2021
Skatt på inntekt og formue	71 148	72 039	72 762	72 762	72 762	72 762
Ordinært rammetilskudd	92 749	93 121	95 755	96 064	96 148	95 953
Skatt på eiendom	15 246	15 481	21 570	21 670	21 770	21 870
Andre direkte eller indirekte skatter	367	351	351	351	351	351
Andre generelle statstilskudd	9 649	9 123	7 807	7 807	7 807	7 807
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>189 160</b>	<b>190 115</b>	<b>198 245</b>	<b>198 654</b>	<b>198 838</b>	<b>198 743</b>
Renteinntekter og utbytte	3 056	2 780	2 780	2 730	2 680	2 630
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0	0
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 910	2 837	3 127	3 387	3 435	3 486
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	5 249	7 100	7 695	8 015	8 735	9 935
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-4 103</b>	<b>-7 157</b>	<b>-8 042</b>	<b>-8 672</b>	<b>-9 490</b>	<b>-10 791</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	4 614	4 297	5 329	8 808	9 788	7 917
Til bundne avsetninger	2 713	1 310	1 726	1 726	1 726	1 726
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	5 355	3 995	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	13 602	2 000	2 000	500	500
Bruk av bundne avsetninger	1 686	1 955	1 586	1 586	1 586	1 586
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-285</b>	<b>13 945</b>	<b>-3 469</b>	<b>-6 949</b>	<b>-9 428</b>	<b>-7 558</b>
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	0	0	0
<b>Til fordeling drift</b>	<b>184 771</b>	<b>196 903</b>	<b>186 733</b>	<b>183 033</b>	<b>179 919</b>	<b>180 394</b>
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	180 776	196 903	186 733	183 033	179 919	180 394
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>-3 995</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## BUDSJETTSKJEMA 1B – DRIFTSBUDSJETTET

<b>Skjema 1B oppdatert jf KOM-vedtak 089/17 ØKONOMIPLAN MED BUDSJETT 2018-2021</b>						
	RB-2017	B-2018	ØP-2019	ØP-2020	ØP-2021	
1xx Rådmann	27 220	29 352	29 281	27 782	27 782	
2xx Leiar oppvekst	55 209	55 983	54 401	52 713	52 113	
3xx Leiar omsorg	90 588	94 626	93 423	92 423	92 423	
4xx Leiar plan, landbruk og teknisk	24 482	25 671	25 005	25 001	25 001	
<b>Sum</b>	<b>197 499</b>	<b>205 632</b>	<b>202 110</b>	<b>197 919</b>	<b>197 319</b>	
Korrigert for motpost avskrivningar, avsetningar m.m.	-596	-18 898	-19 077	-18 000	-16 925	
<b>Sum fordelt til drift i flg. skjema 1A</b>	<b>196 903</b>	<b>186 734</b>	<b>183 033</b>	<b>179 919</b>	<b>180 394</b>	

## BUDSJETTSKJEMA 2A – INVESTERINGSBUDSJETTET

Budsjettskjema 2A, jf KOM-vedtak 089/17 ØKONOMIPLAN M BUDSJETT 2018-2021						
	R- 2016	RB- 2017	B- 2018	ØP- 2019	ØP- 2020	ØP- 2021
Investeringer i anleggsmidler, jf skjema 2B	32 765	71 946	16 950	25 151	5 650	137 550
Utlån og forskutteringer	900	2 627	2 000	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	682	710	0	0	0	0
Avdrag på lån	1 012	1 065	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0	0	0
Avsetninger	562	400	200	0	0	0
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>35 921</b>	<b>76 748</b>	<b>19 150</b>	<b>25 151</b>	<b>5 650</b>	<b>137 550</b>
<b>Finansiert slik:</b>						
Bruk av lånemidler	21 942	52 656	16 130	21 578	3 990	70 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	214	250	200	0	0	0
Tilskudd til investeringer	429	7 914	0	0	0	32 840
Kompensasjon for merverdiavgift	2 346	12 834	2 120	2 873	960	34 010
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	5 554	1 401	0	0	0	0
Andre inntekter	0	0	0	0	0	0
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>30 484</b>	<b>75 055</b>	<b>18 450</b>	<b>24 451</b>	<b>4 950</b>	<b>136 850</b>
Overført fra driftsbudsjettet	0	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	5 437	1 692	700	700	700	700
<b>Sum finansiering</b>	<b>35 921</b>	<b>76 748</b>	<b>19 150</b>	<b>25 151</b>	<b>5 650</b>	<b>137 550</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## BUDSJETTSKJEMA 2B – INVESTERINGSBUDSJETTET

<b>Skjema 2B oppdatert jf KOM-vedtak 089/17 ØKONOMIPLAN MED BUDSJETT 2018-2021</b>						
Prosjekt	R-2016	RB- 2017	B- 2018	ØP- 2019	ØP- 2020	ØP- 2021
1100	IKT-investering adm	0	158 000	800 000	800 000	800 000
1111	Økonomi-, løns- og pers.system	910 249	300 000	0	0	0
1141	SYSIKT, oppgr. nettverk m.m.	65 987	135 000	0	0	0
1160	Samhandling (telefoni/video)	44 207	0	0	0	0
1230	Oppgradering datanett Dalsøyra skule 2017	0	207 000	0	0	0
1320	Oppgradering datanett Gulen sjukeheim 2015	32 294	0	0	0	0
1321	Oppgradering pasientvarslingsystem GS	152 609	0	0	0	0
1401	Oppmålingsutstyr GPS		139 400	0	0	0
2100	Bil ymse	355 788	0	240 000	240 000	240 000
2200	Klatrepark Brekke	1 010 266	0	0	0	0
2344	Bil eining helse	218 330	0	0	0	0
2413	Varebil PLT Drift		277 000	0	0	0
2401	Lift	236 900	0	0	0	0
3221	Ånneland vassverk	182 858	100 000	0	0	0
3280	Utbygging vassverk Sløvåg	9 306 584	96 300	0	0	0
3300	Kloakksanering Eivindvik sone 6 og 8	0	0	1 500 000	3 000 000	0
3340	Avløpssanering Nesevågen	0	264 000	0	0	0
4111	Utleigebustader Eivindvik	885 589	3 088 100	0	0	0
4112	Kjøp utleigebustad gbnr 15/54	1 915 227	0	0	0	0
4113	Kjøp utleigebustad gbnr xx/xx	0	0	0	0	0
4203	Eivindvik skule - ventilasjon	2 869 718	400 000	0	0	0
4206	Eivindvik skule, lys langs veg	0	0	240 000	0	0
4207	Eivindvik skule, bossanlegg/drenering skuleplass	0	0	0	150 000	0
4212	Brekke skule - ventilasjon	463 833	0	0	0	0
4213	Uteområde Brekke barnehage og skule	1 012 344	0	0	0	0
4222	Byrknes skule - ventilasjon	0	0	0	1 125 000	0
4223	Byrknes skule - gjerde	0	0	0	112 500	0
4224	Byrknes skule - utbetring	0	0	400 000	0	0
4250	Ombygging og utstyr, reinholdsfunksjonar	0	200 000	400 000	0	0
4310	Nybygg barnehage Eivindvik	554 637	-167 100	0	0	0
4320	Ny barnehage, Hovden	899 399	10 176 300	0	0	0
4321	Dalsøyra barnehage - ventilasjon	0	800 000	0	0	0
4330	Utviding Brekke barnehage	95 278	9 264 300	0	0	0
4400	Symjeanlegg	121 548	37 000	0	0	60 000 000
4410	Kunstgrasbane Dalsøyra	0	0	0	0	0
4420	Dagsturhytte	0	0	80 000	0	0
4510	Trafikksikringstiltak	0	0	1 200 000	0	1 200 000
4512	Trafikktryggingstiltak, snuplass Byrknes skule	84 458	491 500	0	0	0
4521	Oppgradering Oppedal bru	110 335	2 134 600	0	0	0
4530	Fast dekke kommunale vegar	0	1 038 200	0	0	0
4550	Oppgradering vegar	509 259	1 638 200	1 600 000	1 600 000	1 600 000
4601	Vassforsyning Eivindvik, ny sjøleidning	0	200 000	0	0	0
4920	Opprusting Eivindvik vassverk	43 850	556 200	3 000 000	0	0
5102	Kommunehuset, bosstasjon	0	0	0	0	0
5251	Utekontor Byrknes	0	0	80 000	0	0
5262	Gulen sjukeheim, kjøll/frys/SD	0	0	800 000	0	0
5263	Solskjerming Gulen sjukeheim	0	0	240 000	0	0
5270	Omsorgsbustader Dalsøyra	183 552	15 196 000	0	0	0
5280	Enøk og varme Gulen sjukeheim	142 175	0	0	0	0
5290	Brannsikring, enøk og oppgradering utanom skular	0	1 120 000	800 000	0	0
5291	Bu- og omsorgssenter, universell utforming dører	0	0	0	375 000	0
6000	Kjøp av grunn, badeplass Eivindvik	14 350	0	0	0	0
6010	Kjøp av tomt	0	0	0	0	0
6100	Tomtesal	40 925	0	0	0	0
6110	Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd	150 000	150 000	150 000	300 000	150 000
6151	Tusenårsstaden Gulatinget	0	0	0	0	40 050 000
6401	Sentrumstiltak Eivindvik	0	400 000	1 200 000	1 500 000	0
6450	Bustadfelt Dalsøyra	0	0	1 000 000	9 000 000	0
6460	Bustadfelt Eivindvik	2 597 042	2 556 300	0	0	0
6470	Bustadfelt Ortneset	0	0	400 000	3 375 000	0
7000	Utlån husbankmidlar	0	0	0	0	0
7013	Utlån Brandangersund samfunnshus	0	0	0	0	0
7015	Utlån Stiftinga Utkant	300 000	-300 000	0	0	0
7016	Utlån Gulen Kyrkjelege fellesråd	0	595 700	0	0	0
7020	Eigenkapitalinnskot	657 281	709 500	700 000	700 000	700 000
7050	Kjøp og sal av aksjer	25 000	0	0	0	0
	Meirverdiavg	2 346	12 834	2 120 000	2 873 000	960 000
	<b>Sum investeringar, jf skjema 2A</b>	<b>26 191 872</b>	<b>51 961 500</b>	<b>16 950 000</b>	<b>25 150 500</b>	<b>5 650 000</b>
						<b>137 550 000</b>

## ØKONOMISK OVERSIKT – DRIFT

<b>Hovudoversyn drift jf. KOM-vedtak 089/17 ØKONOMIPLAN MED BUDSJETT 2018-2021</b>						
	R- 2016	RB- 2017	B- 2018	ØP- 2019	ØP- 2020	ØP- 2021
<b>Driftsinntekter</b>						
Brukerbetalinger	7 822	8 751	9 149	9 149	9 149	9 149
Andre salgs- og leieinntekter	13 569	14 006	14 255	14 255	14 255	14 255
Overføringer med krav til motytelse	33 483	31 872	35 239	38 077	40 765	41 365
Rammetilskudd	92 749	93 121	95 755	96 064	96 148	95 953
Andre statlige overføringer	9 649	9 123	7 807	7 807	7 807	7 807
Andre overføringer	2 263	3 436	6 452	7 702	7 702	7 702
Skatt på inntekt og formue	71 148	72 039	72 762	72 762	72 762	72 762
Eiendomsskatt	15 246	15 481	21 570	21 670	21 770	21 870
Andre direkte og indirekte skatter	367	351	351	351	351	351
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>246 296</b>	<b>248 179</b>	<b>263 340</b>	<b>267 837</b>	<b>270 709</b>	<b>271 214</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	141 418	147 142	151 461	151 961	151 961	151 961
Sosiale utgifter	29 921	32 007	33 725	34 947	36 021	37 096
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	34 348	34 254	33 161	32 233	32 233	32 233
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	23 915	25 098	25 707	25 437	23 937	23 937
Overføringer	13 878	19 830	11 596	11 459	11 459	11 459
Avskrivninger	6 436	6 536	6 233	6 233	6 233	6 233
Fordeelte utgifter	-5 436	-3 514	-3 742	-3 742	-3 742	-3 742
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>244 481</b>	<b>261 353</b>	<b>258 141</b>	<b>258 528</b>	<b>258 102</b>	<b>259 177</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>1 816</b>	<b>-13 174</b>	<b>5 199</b>	<b>9 309</b>	<b>12 607</b>	<b>12 037</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter og utbytte	3 056	2 780	2 780	2 730	2 680	2 630
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	133	50	50	50	50	50
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>3 189</b>	<b>2 830</b>	<b>2 830</b>	<b>2 780</b>	<b>2 730</b>	<b>2 680</b>
<b>Finansutgifter</b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	1 910	2 837	3 127	3 387	3 435	3 486
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	5 249	7 100	7 695	8 015	8 735	9 935
Utlån	3	200	200	200	200	200
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>7 161</b>	<b>10 137</b>	<b>11 022</b>	<b>11 602</b>	<b>12 370</b>	<b>13 621</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-3 972</b>	<b>-7 307</b>	<b>-8 192</b>	<b>-8 822</b>	<b>-9 640</b>	<b>-10 941</b>
Motpost avskrivninger	6 436	6 536	6 233	6 233	6 233	6 233
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>4 280</b>	<b>-13 945</b>	<b>3 240</b>	<b>6 720</b>	<b>9 200</b>	<b>7 329</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	5 355	3 995	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	13 602	2 000	2 000	500	500
Bruk av bundne fond	1 686	1 955	1 586	1 586	1 586	1 586
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>7 042</b>	<b>19 552</b>	<b>3 586</b>	<b>3 586</b>	<b>2 086</b>	<b>2 086</b>
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	4 614	4 297	5 100	8 580	9 560	7 689
Avsatt til bundne fond	2 713	1 310	1 726	1 726	1 726	1 726
<b>Sum avsetninger</b>	<b>7 327</b>	<b>5 607</b>	<b>6 826</b>	<b>10 306</b>	<b>11 286</b>	<b>9 415</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>3 995</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## ØKONOMISK OVERSIKT – INVESTERING

<b>Hovudoversyn investering jf. KOM-vedtak 089/17 ØKONOMIPLAN MED BUDSJETT 2018-2021</b>						
	<b>R- 2016</b>	<b>RB- 2017</b>	<b>B- 2018</b>	<b>ØP- 2019</b>	<b>ØP- 2020</b>	<b>ØP- 2021</b>
<b>Inntekter</b>						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	214	250	200	0	0	0
Andre salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	4 567	242	0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	2 346	12 834	2 120	2 873	960	34 010
Statlige overføringer	164	6 804	0	0	0	0
Andre overføringer	265	1 110	0	0	0	0
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0	0	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>7 555</b>	<b>21 240</b>	<b>2 320</b>	<b>2 873</b>	<b>960</b>	<b>34 010</b>
<b>Utgifter</b>						
Lønnsutgifter	873	1 320	0	0	0	0
Sosiale utgifter	237	142	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	29 159	57 575	13 900	21 278	3 840	102 690
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	80	0	0	0
Overføringer	2 496	12 909	2 270	3 173	1 110	1 320
<b>Sum utgifter</b>	<b>32 765</b>	<b>71 946</b>	<b>16 250</b>	<b>24 450</b>	<b>4 950</b>	<b>104 010</b>
<b>Finansstransaksjoner</b>						
Avdrag på lån	1 012	1 065	0	0	0	0
Utlån	900	2 627	2 000	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	682	710	700	700	700	700
Avsatt til ubundne investeringsfond	562	400	200	0	0	0
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>3 156</b>	<b>4 802</b>	<b>2 900</b>	<b>700</b>	<b>700</b>	<b>700</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>28 366</b>	<b>55 508</b>	<b>16 830</b>	<b>22 278</b>	<b>4 690</b>	<b>70 700</b>
<b>Dekket slik:</b>						
Bruk av lån	21 942	52 656	16 130	21 578	3 990	70 000
Mottatte avdrag på utlån	987	1 159	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	4 850	1 305	700	700	700	700
Bruk av bundne driftsfond	587	387	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>28 366</b>	<b>55 508</b>	<b>16 830</b>	<b>22 278</b>	<b>4 690</b>	<b>70 700</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>